


Daggry barnehage



Adresse: Øvregjerdet 18
6050 VALDERØYA

Tlf: 70182497
E-post: post@daggrybarnehage.no
Heimeside: www.daggrybarnehage.no

Eigar: Sunnmøre Indremisjon
Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand
Ass.styrar: Grete Velsvik Walderhaug (permisjon frå kontoret)

Pedagogiske leiarar:

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong og Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
- Marthe Hjorth og Elisabeth K. Synnes (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)



Mob.nr. til avdelingane:

LERKA: 45973085
MÅLTROSTEN: 45973238
LINERLA: 45972646
SPURVEN: 45972670

Daggry-posten

Oktober 2018



I oktober vil vi nyte hausten, gå på turer, og oppleve og lære om kva som skjer i naturen. Vi er fortsatt med på realfagsprosjekt i Giske kommune, og fokus i år er naturfag, der vi skal oppleve naturen, utforske, leite etter sammenhenger og lære om livet i naturen, og vi skal etterkvart ha eit nærare samarbeid med Atlanterhavsparken. Vi skal også jobbe med sosialt samspel, vennskap, identitet, leik og meistringsglede, gjennom å bli kjent med dyra og samfunnet i Hakkebakkeskogen.

Personalet jobber med kompetanseheving og utvikling / forbetring av praksisen vår i barnehagen, gjennom utviklingsarbeidet «TO FRAM» for barnehager i Giske og Sula kommuner. Rettleiarar i utviklingsarbeidet er kompetanseteamet «Ringer i Vann». Denne månaden skal Daggry barnehage ha 2 dager med verksemdsanalyse, der styrar og ein ped.leiar frå kvar avdeling skal gå grundig gjennom verdier, pedagogisk praksis og rutiner, saman med Ringer i vann, og desse vil rettleie oss og hjelpe oss i arbeidet med å bli betre, for vi må heile tida vere i utvikling og gå framover i takt med samfunnet, samtidig som vi skal vere tydelege i det som er Daggry sitt pedagogiske grunnlag og verdier.



TID FOR VARME, GODE KLER

Vi vil oppfordre foreldra til å gå gjennom barnet si kles-hylle i garderoben, og fylle på med kler som passer til årstida. No treng barna varmt, godt tøy; genser, dresser, hue, votter, raggar, regntøy, tett og varmt fottøy, osv... Sjekk at ikkje barnet har vokst ut av desse kledda sidan sist dei vart brukte, og at det alltid ligg skifteklær i hylla, det er fort gjort å bli våt i uteleiken, og vi har ikkje lånetøy i barnehagen ☺

ELEVER I PRAKSIS

Kvar onsdag ettermiddag har vi 2 elever frå ungdomsskulen, som har arbeidspraksis hos oss. Det er Julie Nedregård på Lerka og Martine Hjelmseth på Måltrosten.

HAUSTFERIEN

Barnehagen er open som normalt i haustferien. Det viser seg at i denne ferien er det alltid foreldre som ynskjer å ta barna fri ein eller fleire dager, då mange har sysken på skulen som også har fri. Det er fint om vi kan få ei beskjed i løpet av veka dersom det er barn som skal ha noko fri denne haustferien, slik at vi veit omtrent kor store barnegruppene blir når vi skal planlegge veka. Takk ☺

HAUSTTAKKEFEST

Fredag 19.okt blir det intern Hausttakkefest i barnehagen. Det er avdeling Lerka som har planlagt festen, og det blir m.a. felles samlingsstund med Anne Helen Roaldsnes, og det blir «haustmat» til måltidet.

FOTOGRAFERING onsd.31.okt.

Denne dagen kjem det fotograf til barnehagen frå Foto Norden, og vil ta gruppebileter og portrett av barna, som de kan bestille dersom de ynskjer det. Det blir fotostart kl 9.00, og vi rekner med at det blir teke gruppebileter av alle avdelinger først, deretter portrett. Dei som ikkje har dag i barnehagen, kan kome saman med foreldre og vere med på fotograferinga.

BILTRAFIKK TIL BARNEHAGEN

Vi minner om at innkøyringa til parkeringsplassen vår fungerer som ei rundkøyring, så husk å svinge inn mot huset når de kjem, og bort frå huset når de skal ut igjen. Dette pga best mulig sikkerheit og oversikt på parkeringa.



Med venleg helsing Kari-Lise Nordstrand,
-styrar